



DET KONGELEGE DIGITALISERINGS-
OG FORVALTNINGSDEPARTEMENT

Departementenes sikkerhets- og
serviceorganisasjon
Postboks 8129 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
24/3094-80

Dato
17. desember 2025

Supplerande tildelingsbrev nr. 10 2025 – DSS – Overføring av ordninga med administrasjon av regjeringas pendlarbustader frå SMK til DSS

1. Innleiing

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet (DFD) viser til Tildelingsbrev 2025 – Tryggings- og serviceorganisasjonen til departementa (DSS), datert 3. januar 2025, og seinare supplerande tildelingsbrev, spesielt supplerande tildelingsbrev nr. 9 2025 – DSS – Etablering av fleire fellestenester i departementsfellesskapet, datert 21. oktober 2025.

DFD viser òg til brev frå Statsministarens kontor (SMK) til DSS med kopi til DFD, datert 10 november 2025, «Administrasjon av regjeringens pendlerboliger – overføring av ordningen til Departementenes sikkerhets- og serviceorganisasjon (DSS)».

Dette supplerande tildelingsbrevet inneheld informasjon om eit nytt oppdrag til DSS, knytt til arbeidet med å overføre ordninga med administrasjon av regjeringas pendlarbustader frå SMK til DSS.

2. Oppdrag 13: Overføre ordninga med administrasjon av regjeringas pendlarbustader frå SMK til DSS

DFD gir med dette DSS eit nytt oppdrag – Oppdrag 13 – om å gå i dialog med SMK og gjere nødvendige vurderingar og førebuingar, slik at ansvaret for pendlarbustadordninga kan overførast frå SMK til DFD ved DSS. I dette arbeidet må DSS i samråd med SMK, avklare roller og ansvar, og gå opp praktiske rutinar for ordninga. DSS i samråd med SMK må òg utgreie økonomiske og personalmessige konsekvensar for DSS som følgje av overføringa av ordninga frå SMK til DSS. DFD jobbar med prinsipp og føringar for framtidige

Postadresse
Postboks 8004 Dep
0030 Oslo
postmottak@dfd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.dfd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
932 384 469

Avdeling
Avdelinga for
fellesfunksjonane til
departementa

Saksbehandlar
Vetle Bjøringsøy
Johnsen
22 24 72 67

rammeoverføringer i samband med arbeida med etablering av fleire fellestenester i DSS og Digitaliseringsorganisasjonen til departementa (DIO).

Dette arbeidet må sjåast i samanheng med andre viktige utviklingsaktivitetar som DSS jobbar med, mellom anna arbeida med idriftsetjing av eksisterande og nye fellestenester og fellesfunksjonar i nytt regjeringskvartal byggjetrinn 1, etablering av fleire fellestenester i DSS og overføring av ansvaret for drift av fellestenestene i representasjonsanlegget til regjeringa frå Utanriksdepartementet til DFD ved DSS.

- **Frist for å ferdigstille arbeidet med å overføre ansvaret for ordninga med administrasjon av regjeringas pendlarbustader frå SMK til DSS er 1. april 2026.**

3. Økonomi

Gjennomføring av oppdrag 13 skal i 2025 dekkast innanfor eksisterande budsjetttrammer.

4. Rapportering

DSS skal rapportere på status, avvik, risiko og tiltak (SART) på dette supplerande tildelingsbrevet til DFD, i samsvar med vanleg rapporteringsregime – pr. tertial og i samband med årsrapportering.

Med helsing

Aleksander Åsheim (e.f.)
ekspedisjonssjef

Vetle Bjøringsøy Johnsen
utgreiingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi
Riksrevisjonen
Statsministerens kontor